

Vedtekter for Sogndal Turlag

§ 1 FØREMÅL OG ORGANISASJON

Namnet på laget er Sogndal Turlag.

§ 1.1 Føremål

Sogndal Turlag er lokallag i medlemsområdet for dei delane av Sogndal kommune som tidlegare utgjorde Sogndal og Leikanger kommunar, og er med i DNT Sogn og Fjordane, som er ein del av Den Norske Turistforening (DNT). Sogndal Turlag skal arbeide for eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvenleg friluftsliv, for sikring av allemannsretten og friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

Sogndal Turlag skal også arbeide for å gjere folk meir kjende med bygdemiljøet, historie, geografi, samspelet mellom levande organismar, planter og dyr, og miljøet rundt dei. Ei viktig oppgåve for laget er vern om natur og livsmiljø.

§ 1.2 Organisasjon

Aktiviteten i Sogndal Turlag skal skje i samsvar med DNT Sogn og Fjordane sine vedtekter og skal vera i samsvar med retningslinjer/samarbeidsavtale inngått mellom partane.

Sogndal Turlag blir representert i DNT gjennom DNT Sogn og Fjordane.

§ 1.3 Medlemskap

Medlemskap i Sogndal Turlag er ope for alle enkeltpersonar som ønskjer å bli medlem. Medlemar av Sogndal Turlag er alle som har betalt kontingent til DNT, inntil utmelding skjer eller medlemen vert strøken som følgje av manglande kontingentinnbetaling.

Alle medlemar i DNT Sogn og Fjordane er automatisk også medlemar i Sogndal Turlag når dei bur i Sogndal kommune, utanom medlemar i gamle Balestrand kommune. Medlemar kan reservere seg mot medlemskap i Sogndal Turlag. Medlemar av DNT Sogn og Fjordane som er busette utanfor medlemsområdet, kan bli medlem i Sogndal Turlag om dei ønskjer det.

Medlemane har forslags- og stemmerett på årsmøtet og kan bli valde til alle tillitsverv i alle ledd frå det året dei fyller 15 år.

Alle medlemar er medlemar av DNT og har medlemsrettar ved besøk på alle medlemsforeiningane sine hytter og ved deltaking på turar, kurs og andre tilbod.

§ 2 ÅRSMØTET

§ 2.1 Høgste myndigheit

Årsmøtet er Sogndal Turlag sitt øvste organ.

§ 2.2 Deltaking og stemmerett

Ingen har meir enn ei stemme, og stemmegjeving kan ikkje skje ved fullmakt. Vedtak treffast ved fleirtal av dei avgjevne stemmene. Styret i DNT Sogn og Fjordane har forslags- og talerett under årsmøtet.

§ 2.3 Innkalling til årsmøte

Ordinært årsmøte skal vere avvikla innan utgangen av februar kvart år. Kunngjering av årsmøtet med tid og stad skal gjerast offentleg kjent på Sogndal Turlag si heimeside med tre vekers varsel. Saker ein vil ta opp på årsmøtet må vere styret i hende minst to veker før årsmøtet.

§ 2.4. Sakspapir til årsmøte

Sakspapir skal vere tilgjengeleg seinast ei veke før årsmøtet, og skal innehalde tid, stad, sakliste, nødvendige saksdokument og annan relevant informasjon om møtet.

§2.5 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal handsame:

- a. Val av ordstyrar, protokollførar og to representantar til å underteikne protokollen
- b. Godkjenning av innkallinga
- c. Godkjenning av saklista
- d. Godkjenning av årsmelding
- e. Godkjenning av rekneskap
- f. Budsjett og tiltaksplan
- g. Forslag som styret legg fram, eller som i samsvar med § 2.3 er meldt inn av ein medlem av foreininga
- h. Val av leiar
- i. Val av nestleiar
- j. Val av kasserar
- k. Val av medlemar til styret
- l. Val av varamedlemar
- m. Val av revisor
- n. Val av leiar og medlemar til valnemnda

§ 2.6 Ekstraordinært årsmøte

Styret kallar inn til ekstraordinært årsmøte med minst to vekers varsel etter:

- a. Vedtak av årsmøtet
eller
- b. Vedtak av styret i Sogndal Turlag (lokallaget) eller DNT Sogn og Fjordane (foreininga)
eller
- c. Krav frå minst 50 av medlemar

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsame dei sakene som er nemnde i vedtaket eller kravet om innkalling av det ekstraordinære årsmøtet. Møteinnkalling og vedtak skjer etter dei same reglane som for ordinære årsmøte.

§ 3 STYRET

§3.1 Samansetting av styre og styringsorgan

Laget vert leia av eit styre med ein leiar og 4 styremedlemar, som i samsvar med desse vedtektene skal veljast slik:

1. Leiar vert vald for 1 (eitt) år på årsmøtet.
2. Styrerepresentantane vert valde for to år om gangen på årsmøtet. Kvart år går det ut to representantar, som det vert val på. Ein av styremedlemane vert valt til nestleiar og ein til kasserar.
3. Til styret vert valt to varamedlemar for eitt år om gongen.

Styret kan sette ned nemnder for å planlegge og gjennomføre aktivitetar og prosjekt.

Trer ein styremedlem ut av styret utanom tur, skal varamedlem tre inn i staden.

§ 3.2 Styret si myndigheit og oppgåver

Sogndal Turlag vert leia av eit styre med leiar og 4 styremedlemar, og har 2 varamedlemar. Leiaren av styret kallar inn til styremøte. Styret er vedtaksført når minst halvparten av styret sine medlemar er til stades. Ved likt tal stemmer er leiaren si stemme avgjerande.

Styret si oppgåve er å leie Sogndal Turlag i samsvar med vedtekter, årsmøtevedtak og retningslinjer og samarbeidsavtale med DNT Sogn og Fjordane.

§ 3.3 Styret sitt arbeid

Styret vert innkalla av leiaren så ofte som behovet tilseier, eller når minst halvparten av styret sine medlemar krev det. Styret kan fatte vedtak når eit fleirtal av medlemane deltek. Referat frå styret sine møte er tilgjengeleg for medlemane, med mindre styret avgjer noko anna i den einskilde sak.

Styret kan og gje fullmakt til leiar av nemndene om å disponere midlar til drift, vedlikehald og tiltak innanfor dei økonomiske rammer som er lagt i budsjettet.

§ 3.4 Signatur

Leiar og ein styremedlem har saman fullmakt til å signere for Sogndal Turlag. Leiar underteiknar søknader om støtte til drift og prosjekt i laget sin regi.

§ 4 VALNEMNDA

§ 4.1 Samansetting og val av valnemnda

Sogndal Turlag (lokallaget) skal ha ei valnemnd på tre medlemar, med ein av dei som leiar. Medlemane vert valde av årsmøtet for to år om gangen etter innstilling frå styret.

§ 4.2 Valnemnda si mynde og oppgåver

Valnemnda skal innstille til val av styre, revisor og andre val styret ber om, jamfør §2.5. Årsmøtet kan fastsetje nærare retningslinjer for valnemnda sitt arbeid.

§ 5 INHABILITET

Ein medlem av styret eller andre tillitsvalde i lokallaget kan ikkje vere med på å handsame eller avgjere spørsmål der vedkomande eller hans/hennar nærstående må reknast å ha ei klar personleg eller økonomisk særinteresse i saka. Ved avgjerd om nokon er nærstående etter denne regelen, gjeld reglane i forvaltningslova.

§ 6 BROTT PÅ DNT SITT REGELVERK

Medlemar i Sogndal Turlag som gjer seg skuldig i grove brott mot DNT sitt etiske regelverk slik det er vedteke av DNT sitt organ, og Sogndal Turlag sine vedtekter, kan av DNT Sogn og Fjordane verte ilagt irettesetjing, tap av retten til tillitsverv eller tap av retten til medlemskap i foreininga. Kriminelle handlingar som eit medlem er dømt for, kan og føra til tilsvarende reaksjonar. Styret i Sogndal Turlag kan handsame slike saker og rapportere til DNT Sogn og Fjordane.

Ein medlem som er ilagt sanksjonar som nemnt, kan bringe saka inn for landsstyret eller domsutvalet til endeleg avgjerd i samsvar med DNT sine vedtekter § 12.2.

§ 7 OPPLØYSING

Sogndal Turlag (lokallaget) kan oppløysast på årsmøte med minst 3/4 fleirtal, og dette må takast oppatt på etterfølgjande ekstraordinært årsmøte med same krav til 3/4 fleirtal for å vere eit gyldig vedtak. Viss Sogndal Turlag vert oppløyst, skal turlaget sine midlar med rettar og plikter overførast til DNT Sogn og Fjordane.

§ 8 VEDTEKTSENDRINGAR

Vedtektene kan endrast ved vedtak på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Vedtektsendringar skal stå oppført på saklista og krev 2/3 fleirtal av avgjevne stemmer.

Vedteke på årsmøtet i Sogndal Turlag 26. november 2024